

Kostnadsoverslag:

Her har vi sett opp nokre døme på kostnadar.

Vi gjer oppmerksom på at prisane på material ikkje er nye so dei kan koste meir enn her. Difor må du sjølv finne ut av kva materialet til gjerde kostar.

Dette er berre eit døme på korleis ein kan rekne på det.

Rydding av lyng og einer:

4 - 7,0 timar pr. daa à kr. 350 = kr. 1400-2450 pr. daa.

Rydding av krattskog/ skog:

7- 15 timar pr. daa à kr. 350 = kr 2450 – 4900 pr. daa. Det skal trekkjast frå verdi av virke ved fastsetting av tilskotsgrunnlag.

Oppsetting av fast tradisjonell gard med toppstreng - eksempel på 100 meter gjerde

67 staur, diameter 6 cm, lengd 175 cm à kr. 28,75= kr. 1926,25 Avrunda til kr. 1926.

67 staur, diameter 6 cm, lengd 220 cm à kr. 49,80= kr. 3336,60 Avrunda til kr. 3337.

67 staur, diameter 7 cm, lengd 175 cm à kr. 36,00= kr. 2412,00

67 staur, diameter 8 cm, lengd 175 cm à kr. 42,00= kr. 2814,00

1 rull not TV8, c2 tjukk galvanisering à kr 1000,00= kr. 1000,00

2 rullar not TV15 A2, C4 tjukk galvanisering à kr 925,00= kr. 1850,00

(Gjerdenota som er tatt med her har ei blanding av aluminium og zink og har lang levetid.)

Kjeng/ kramper 3,0 x 35 mm C4 5 kg. spann kr. 195,00= kr. 41,00 (omrekna og avrunda)

Topptråd 3 mm crapal 4 25 kg (450 m) kr. 670,00= kr. 150,00 (omrekna og avrunda)

Materialkostnad for 100 meter ferdig gjerde med bruk av staur (6 cm), not TV15, C4, kjengar og toppstreng

3 mm vert totalt kr 3.967,00. Kostnad pr. meter vert då avrund kr. 40,-. Alle oppgjevne prisar er utan mva.

Ein kan rekne med å sette opp i gjennomsnitt 7 meter ferdig gard pr. time. Arbeidskostnaden ved eigeninnsats vert då $350 : 7 = \text{kr } 50,00$ pr. løpometer gard. Løpande gjerdekostnad pr. meter vert då $90,00 + \text{mva}$.

For gjerding i ulendt terreng og på skrinne jord kan det leggjast ved noko ekstra kostnad. Viktig at ein tar med det i kostnadsoverslaget ved innsending av søknaden.

For søkjarar (føretak) som er meirverdiavgiftspliktige vert tilskotsgrunnlaget utrekna utan meirverdiavgift.

Føretak som ikkje er meirverdiavgiftspliktige kan ta med meirverdiavgifta på materialkostnadane.

Vi rår til å bruke 7 eller 8 cm tjukk impregnert staur på utmarksgard/ utmarksgjerde.